

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande forslag:

«Forslaget om å legge ned tannklinikene i Fedje, Masfjorden og Modalen tas ut av høringsutkastet».

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande endringsforslag:

««Høringsperioden vert 1.oktober til 1. november 2014» vert endra til: Høringsperioden vert 1. oktober til 14. november 2014»».

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«OPHE ber administrasjonen undersøke moglegheita til å kjøpe tannlegetenester frå private tannlegepraksisar i tilfelle kor reiseavstanden blir betydeleg lågare og legge utgreiinga fram før endeleg behandling av saken».

Representanten **Dan Femoen** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Fylkestannlegen bes gå i samtaler med Masfjorden kommune med sikte på å overdra ansvaret for tannklinikken frå fylkeskommunen til kommunen frå nyttår».

Røysting

Rasmussen sitt forslag fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke saman med Hamre sitt endringsforslag.

Oversendingsforslaga frå Hamre og Femoen vart samrøystes vedteke oversend fylkesrådmannen.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek å senda på høyring utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland til alle kommunar og aktuelle organisasjonar i fylket. Høringsperioden vert 1. oktober til 14. november 2014.